

Statens vegvesen

Notat

Til: Vidar Solheim
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Vurdering av skredfare etter steinsprang		Dok. nr. i Mime:	
Oppdragsgivar:	Vegseksjon Fjordane v/Vidar Solheim		Dato: 08.10.2018	
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Rapportnummer: 30759-GEOL-1
Kommune:	Stryn	Vegnr.:	Fv724	HP: 1 Km: 16,664
UTM 32V ref.:	6869004 67123 EUREF 89		Geoteknisk kategori:	
Utarbeida av:	Jens Tveit			

Fv 724. Hp 1, Km 16,664 – Vurdering av skredfare etter flaumskred ved Svoragrova 26.9.18

Innleiing

På føremiddagen 26. september gjekk det eit flaumskred ved Svoragrova. Her er det ein rørtunnel med eitt løp som vegen normalt går i på vinteren. Ytre vegbane vart sperra av og all trafikk blir leia gjennom rørtunnelen. På staden for vurdering var byggjeleiar Vidar Solheim og geolog Jens Tveit. Det vart beslutta å utsette opprydding til vassføringa var gått betydeleg ned.

Vurdering og tilråding

Historikk

Svoragrova er eit kjend skredpunkt i Oldedalen. Figur 1 viser kart over området. Frå gamalt av står det eit betongoverbygg for å sikre mot skred i området. Overbygget vart etter kvart noko for trangt og det viste seg og vere for kort til å sikre punktet fullstending. I 1986 vart det bygd ein lengre rørtunnel for betre sikring av strekket. Rørtunnelen har eitt felt, og vegen på utsida er open på sommaren.

Totalt er det registrert 6 skred på dette punktet i NVDB. Utfordringane er i hovudsak knytt til snøskred. I og med at vegen utanfor rørtunnelen er stengd på vinteren blir det ikkje gjort registreringar av desse skreda.

Terreng og topografi

Skreda i Svoragrova losnar i fjellsida frå Rustøyfjellet på om lag 1600 meter over havet. Det er tynt til ikkje-eksisterande lausmassedekke i sjølve fjellsida. På terrassar og fjellhyllar er det noko meir lausmasse. Frå om lag 400 meter over havet slakar terrenget noko ut og dekket med lausmassar blir tjukkare. Her er det tydelege teikn etter erosjon og masseføring.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Skred 26. september

Skredet 26. september gjekk etter ei lengre periode med nedbør. Det siste døgeret var det stipulert 48 mm nedbør innerst i Oldedalen. Mesteparten kom i løpet av ei begrensa tidsperiode. Natta og morgonen var mest intens. Figur 6 viser farenivå frå xgeo.no. Akkurat i dette området var det varsla om særst stor fare for flaum- og jordskred.

Skredet ved Svoragrova var av typen flaumskred som er eit vassdrive masseførande skred med stort potensiale for erosjon og øydeleggingar. Figurane 2-5 viser oversikt over skredområdet. Det er uvisse om det var eit jordskred/utgliding som demma opp og førte til skredet eller om det berre var intens nedbør og rask auke i vassføringa som bløyte opp lausmassane og førte til ei skredhending. Skredet har følgd ei eksisterande skredbane og gått heilt ut i Oldevatnet.


Det er store skadar på utsida av vegen, sjå figur 3. Her har skredet erodert kraftig i lausmassane, og det er behov for reparasjonar.

Det var framleis stor vassføring i drensløpet ved synfaring. I og med at det var omkøyning om rørtunnelen vart det vurdert som best å vente med oppryddinga til vassføringa gjekk ned. Når veret og vassføringa roer seg er det vurdert til å vere trygt å starte arbeidet med opprydding i og ved vegen.

Vidare arbeid

Punktet er sikra mot skred med rørtunnelen. Denne er noko for kort og i snørike sesongar kan skred tru vegen på sidane av rørtunnelen. Stort sett er det snøskred som går i Svoragrova, men det kan også vere flaumskred på tidar då vegen på utsida er open.

Det er på kort sikt tilrådd å sette opp skilt som opplyser om at det ikkje er lov å stoppe på utsida av tunnelen. Autovern for å snevre inn til berre køyrebane er vurdert til å ikkje fungere då det vil bli øydelagt kvar vinter.



Figur 1 – Kart over området. Overbygget og treffpunktet ved vegen er markert med raud ring



Figur 2 – Skredmassar i veg. Merk stor vassføring og tett drenering




Figur 3 – Store skadar og kraftig erosjon på utsida av vegen



Figur 4 – Skredmassar og vassføring i Oldevatnet. Brunfarge grunna slam i dreinsvatnet



Figur 5 – Overbygg og nedre del av skredløpet



Figur 6 – Utklipp fra xgeo.no. Farenivå for flaum- og jordskred. Treffpunkt veg er markert med raud ring